

# ÅRSRAPPORT 2014 – BIOSFÆREPROSJEKTET I NORDHORDLAND

## Kort historikk

I juni 2013 skreiv Regionrådet i Nordhordland under samarbeidsavtalen med Universitet i Bergen om å arbeide for at Nordhordland skal få status som eit UNESCO biosfæreområde – det første i Norge. Nordhordland Utviklingselskap IKS er prosjekteigar og sette saman ei styringsgruppe for prosjektet med representantar frå kommunane, det regionale nivået, næringsliv og lag/organisasjonar. Ei arbeidsgruppe vart og starta og har sørgja for framdrift i arbeidet.

## Året 2014

Det er viktig å poengtere at forprosjektet er første trinn i eit omfattande arbeid om å utvikle fysiske, økonomiske og kulturelle rammer for Norges første biosfæreområde. Dette er nybrottsarbeid og ein stor del av aktiviteten har retta seg mot å skape forståing nasjonalt for kva ei biosfæresatsing kan bety for Norge. I forprosjektsøknaden har vi lagt vekt på å dokumentere at Nordhordland kan fylle dei kriteriene som UNESCO har sett til ein slik status. Vidare har vi utvikla grunnmuren som prosjekt skal byggjast på framover, og er i ferd med å etablere ei rekke tiltak som Nordhordland treng og som vil byggje opp under biosfæresatsinga vår.

Vi avslutta arbeidet med forprosjektsøknaden 1. september 2014. Med den på plass starta vi med informasjonsarbeidet i kvar kommune. Dette arbeidet gjekk føre seg i heile haust, og tok mykje tid. Dette skjedde heilt etter dei planane vi hadde lagt og som byggja på at vi skulle sikre at dei som skulle bestemme om framtida for prosjektet både hadde kunnskap og forståing for kva dette kunne bety for regionen. Vi gjennomførte dialogmøter med samtlege kommunestyremøter før formell handsaming i formannskap og kommunestyre. Det førte til at det var først 17. desember 2014 at alle 10 kommunane hadde gjort vedtak om at dei ønskjer å vere ein del av Biosfæreområdet.

Alle kommunestyra ga tilslutning til satsinga, og med unnatak av ein kommune var vedtaka samrøystes. Det tek vi som teikn på at strategien vår har vore vellukka.

Arbeidet i høve til prosjektet sine hovudeigarar – kommunane, har gjort at vi måttet utsette noko meir generelt kommunikasjonsarbeid. Vi hadde opphaveleg sett opp ein aktivitetsplan for hausten 2014 som blant anna omfatta oppstart av nettside. Dette har vi ikkje kunne gjennomføre før kommunestyrevedtaka var på plass. Det er dei noå, og vi har gjort alle naudsynte avtaler og disponert pengane slik det var skildra i aktivitetsplanen.

Vi har fått positiv tilbakemelding på søknaden frå alle involverte, og meiner dette er eit solid dokument på vegen til å bli Nordhordland Biosfæreområde. 30. januar ble søknaden signert av samtlege ordførarar.

## Overføringsverdi

Det har vore gjort eit godt arbeid undervegs. Med regelmessige møter i arbeidsgruppe og styringsgruppe, har det gitt god flyt og progresjon i forprosjektet.

Vi har jobba strategisk med kommunikasjon og formidling, noko som vi ser har vore særst viktig for å få lokal forankring. Det er ei utfordring å kommunisere ut på ein enkel måte kva eit biosfæreområde er, dette har vore ein modningsprosess for alle partar. Sett i ljøs av dette er det interessant at vi er invitert inn av UNESCO til å delta som eitt av 6 biosfæreområder (i verda) der UNESCO skal sjå på korleis ein best kan informere om og skape lokal forankring for eit biosfæreområde. Vi tør difor påstå at vi med satsinga vår er langt framme når det gjeld å byggje opp omkring UNESCO sin moderne og revitaliserte biosfæresatsing.

Det har vore ei viktig satsing for oss å styrke tilhøvet til utdanningsinstitusjonane i regionen. Der har vi komme særst langt. Som eit resultat av samarbeidet har Universitetet i Bergen tatt initiativ til, og fått godkjent, eit eige UNESCO-professorat (og 5 professor-2 stillingar). Dette vil i seg sjølv bidra til at biosfæresatsinga i Nordhordland vil lukkas.

Med det arbeidet vi har lagt ned, erfaringane vi har gjort oss og det omfattande nasjonale og internasjonale kontaktnettverket vi har opparbeida oss, har vi no brei kunnskap om biosfæresatsing. Dette er kunnskap som alle nye biosfæresatsingar i Norge vil kunne få del av.

## Rekneskap

Rekneskap for Biosfæreprosjektet 2014  
(Posteringer tatt frå vårt prosjektrekneskap, ført av Nordhordland Utviklingsselskap IKS)

### Kostnader:

Prosjektleiing	200 000
Fagleg ekspertise	114 000
Ekstern prosjektmedarbeidar	341 334
Kommunikasjonsarbeid/ reiser / diverse	73 432

**Totale kostnader: 728 766**

### Inntekter:

10 Kommuner	237 000
Den norske UNESCO-kommisjonen	230 000
Fylkesmannen i Hordaland	300 000
Grieg Foundation	300 000

**Totale inntekter 1 067 000**